



Arkivsaknr: 2025/4314-5
Sakshandsamar: Kate Bentzen
Avdeling: Næring og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Søknad til Næringsfondet - Språkbreen Logopedi AS - Logopediske tjenester til barn og voksne

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjekt Logopediske tjenester til barn og voksne vert tildelt kroner 40 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett.

Bakgrunn

Språkbreen Logopedi AS er eit aksjeselskap. Bransje: 86.909 Andre helsetenester. Registrert 26.11.2024. Kjelde: Proff.no.

Saksopplysningar

Språkbreen Logopedi AS er ein nyoppretta privat logopedklinikk lokalisert på Seim i Alver kommune. Verksemda blei etablert hausten 2024 og starta opp drift i februar 2025. Klinikken tilbyr utgreiing og behandling til både barn og vaksne med med logopediske vansker.

språk-, kommunikasjons- og svelgevanskar. Det er to logopedar tilknytt klinikken per i dag.

Om prosjektet

Prosjektet startar opp 1. mai 2025 og er forventa gjennomført 1. mai 2027.

Språkbroen Logopedi kartlegg og behandlar born og vaksne med språk-, kommunikasjons- og svelge-vanskar.

Gjennom prosjektet ønskjer verksemda å etablere eit fagleg sterkt og tilgjengeleg tilbod i kommunen, med plan om framtidig vekst og auka bemanning. Klinikken arbeider etter prinsippa for evidensbasert praksis og har eit klart mål om å tilby fleksible og fagleg solide tenester, også gjennom videokonsultasjonar. Dette inneber blant anna område som utviklingsmessige språkforstyrrelsar, lese- og skrivevanskar, afasi etter hjerneslag, uttalevanskar, stemme-, og talevanskar, dysfagi og dysartri.

Verksemda har kontor på Seim, men kan og møte klientar i barnehage, på skule, institusjon eller i heimen. Mønsteravtale med Helfo inneber at klientane kan få dekkja behandling når vilkår for dette er oppfylt.

I dette prosjektet søker verksemda støtte til utstyr ein treng for å kunne starte opp og drive ein logopedklinikkk, som til dømes videoutstyr, språktestar til kartlegging, 3D modeller av svelge- og talefunksjon, pc/printer, samt marknadsføring og kompetanseheving/oppdatering innan siste forskning og behandlingsmetodar.

Prosjektleveranse / målsetting

Prosjektet har som mål å styrkje det logopediske tenestetilbodet i Alver kommune og gjere det meir tilgjengeleg. Det offentlege logopedtilbodet har lang ventetid, og prosjektet vil bidra til at fleire får hjelp raskare. På sikt ønskjer ein å rekruttere fleire fagpersonar og utvide verksemda, med mål om varig arbeidsplassutvikling og lokal verdiskaping.

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Logopediske tjenester til barn og vaksne	175 000	87 500	40 000

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet, vedtatt 21.03.2024 og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Næringsfondet skal styrkje næringslivet i Alver kommune og følgjande kriterium ligg til grunn for vurderinga:

- Bidrag til auka næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar:

Prosjekt som stimulerer til utvikling av nye verksemder, styrking av eksisterande næringsliv, og som skaper varige arbeidsplassar i Alver kommune, skal prioriterast.

- Nyskaping, innovasjon og berekraft:

Tiltak som representerer nytenking, teknologisk utvikling eller bidreg til grøn omstilling og meir berekraftig drift, blir vurdert særleg positivt.

- Gjennomføringsevne:

Prosjektsøknaden skal vise realistisk framdriftsplan, budsjett og ei truverdig gjennomføringsevne, basert på søkjar sin kompetanse, erfaring og finansieringsevne.

- Lokal og tydleg effekt i Alver kommune:

Midlane frå fondet skal i hovudsak ha direkte effekt i Alver kommune. Det kan vere gjennom lokal verdiskaping, sysselsetting, innkjøp frå lokale leverandørar eller etablering av varig næringsverksemd i kommunen.

- Tilskotet sin utløysande effekt:

Det skal vurderast i kva grad tilskotet er nødvendig for å realisere prosjektet. Støtta frå fondet skal ha ein avgjerande eller vesentleg funksjon for oppstart og gjennomføring.

Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til dette.

Vurdering

Prosjektet vert vurdert som eit godt tiltak for å møte eit dokumentert behov for logopedtenester i regionen. Språkbroen Logopedi AS har eit sterkt fagleg fundament, og prosjektet er både realistisk og gjennomførbart innanfor dei økonomiske rammene som er skissert. Dei har ein plan for investering i fagutstyr og kompetanseheving som vil vere avgjerande for å tilby kvalitativt gode tenester.

Tiltaket har ein tydeleg effekt i Alver kommune, både med tanke på betre helsetenester og moglegheit for lokal arbeidsplassutvikling. Det offentlege tilbodet strekk ikkje til i dag, og ein privat aktør som kan tilby hjelp utan ventetid vil vere ein klar styrke for kommunen.

Finansieringsplanen er solid og tilskotet frå næringsfondet vil vere direkte utløyande for oppstart og gjennomføring. Søknaden oppfyller kravet om maksimalt 50 % offentlig støtte. Alver kommune vurderer prosjektet som eit godt eksempel på berekraftig næringsutvikling og i tråd med fondet sitt føremål.

Kommunedirektøren si tilråding

Prosjekt Logopediske tenester til barn og voksne vert tildelt kroner 40 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Vedlegg

- 1 Soknad-2025-0007.pdf
- 2 Tilskudd næringsfondet sende inn.docx